



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....for ei aktiv bygd!

## Sakliste årsmøte Vikedal Ungdomslag 2010

1. Godkjenne innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar
3. Val
4. Årsmelding
5. Regnskap
6. Prosjekt framover

02.02.11

**Gro Anett Espevoll Leifsen**

Leiar Vikedal Ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal  
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: [eideniss@online.no](mailto:eideniss@online.no)

Kontonummer:  
3244 05 20501



Org. nummer:  
984 039 883

[www.vikedal-ungdomslag.no](http://www.vikedal-ungdomslag.no)

Styremedlemmer 2010:

Gro Anett E. Leifsen (leiar), Mils Erik Eide (nestleiar)  
Tone Helen Haugland (kasserar), Morten Skeie  
Ottar Sev. Andreassen, Kari Skogen



## ÅRSMELDING VIKEDAL UNGDOMSLAG 2010

### Styret har bestått av:

Gro Anett E Leifsen (leiar), Nils Erik Eide (nestleiar), Tone Helen Haugland (kasserar), Morten Skeie (skrivar), Ottar Andreassen og Kari Skogen

Vikedal Ungdomslag har hatt fire styremøter og behandla 25 saker i 2010.

20. februar arrangerte styret i VUL ein revykveld for heile revygruppa på Vikedal Vertshus med god mat og drikke. Revyen "Splitter pine- det går så det grine" blei synt på storskjerm, til stor glede for dei framømte. Latteren sat laust denne kvelden!

Me arrangerte Sant Hans feiring i lag med Midtbygdens ungdomslag på

Vikedal Motorbane, dette var ein vellykka kveld med stort oppmøte. VUL stod dette året for kiosksalet.

Under Zparty-festivalen arrangerte VUL tradisjon tru barnediskotek på

Vikedal bygdahus. Kvelden blei også dette året ein suksessfull kveld, med ivrige danseglyde barn .

Det kom ca 110 barn.

Tidleg i august starta planlegginga av ei barneteater-gruppe. Kari, Gro Anett og Tone Helen stod for gjennomføringa. Bente Holten laga flott plakat til oss og me kryssa fingrane for at minst 10 barn ville melde seg på. Første øving møtte det 22 barn, men 18 blei med vidare. Me hadde øving kvar torsdag der Ingrid Marie Dale var innleigd som instruktør. Øvingane vert etter kvart vekas høgdepunkt for mange av barna som storkoste seg. I byrjinga øvde me på stemmebruk og kroppsspråk. Etter nokre øvingar kom Ingrid Marie med skodespelet "Nisse på Villspor" som passa godt til vår teatergruppe. Rollene blei fordelte og innøvinga kunne begynne. Me øvde intenst fram mot premieren 26.november, og resultatet var to flotte framsyning der tilsaman 200 personar kom for å sjå på. Under framsyningane fekk me mykje hjelp av foreldra både bak scenen og til å selge kaker og kaffi i pausen. Nils Erik Eide tok seg av lydarbeidet, assistert av Knut Helge Skjold. "Nisse på Villspor" laga flott julestemning for små og store i Vikedal. Til teaterarbeidet fekk me 5000,- kr i stønad frå Rogaland Ungdomslag og 9500,- kr i stønad frå Frifond, Noregs Ungdomslag.

Onsdag 08.09.10 var det dugnad på Musikkloftet. Vikedal Ungdomslag sitt øvingslokale er godt brukt. Det er mykje bevegelse og då fører det til at det av og til trengs litt rydding og omorganisering til. Ein liten gjeng frå styret og medlemmer av Port Salutt Band stilte opp og fekk orden på utstyret samt vaska godt og reint.

I regi av Vikedal Ungdomslag vart det 22. januar 2011 arrangert ein musikalsk kulturkveld for store og små på Vikedal Bygdahus.

Det blei ein flott kulturell oppleving der me fekk høyra på ulike artistar frå Vikedal - unge og gamle, store og små.

Det finns masse talent i bygda vår og me i VUL ønskjer å leggja til rette ein arena der dei får lov til å opptre for bygdefolket.

Heile overskotet gjekk til idrettshallen i Vikedal.

Takk for i år!

20.01.11

**Gro Anett E Leifsen**

Leiar Vikedal Ungdomslag

### Adresse/tlf/e-post:

Vikedal Ungdomslag, Postboks 13, 5506 Vikedal  
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 46 89 08 55

E-post: [eidennis@online.no](mailto:eidennis@online.no)

### Kontonummer:

3244 05 20501



### Org. nummer:

984 039 883

### Styremedlemmer 2010:

Gro Anett E. Leifsen (leiar), Nils Erik Eide (nestleiar)  
Tone Helen Haugland (kasserar), Morten Skeie  
Ottar Sev. Andreassen, Kari Skogen